

## Krossvandringa laurdag kveld startar ved Bruhølen,

like ved E 134 - Austmannlia.

Ved hovudvegen vil det stå merka skilt til møteplass.

Her kan ein også parkera bil.

Vel ein heller å nytta felles oppsett tran-

sport, møter ein ved kyrkja for fri skyss til Bruhølen. Det vert avgangar samanhengande frå kl 19.00. Ved fuktig vær bør ein nytta fjellsko eller gummistøvlar.

Regnbukse er også praktisk.

Vandringa vert avslutta med pilegrimsmesse. Preike v/ Notto R. Thelle. Liturg sp. Nataas.

## Program

### Fredag 3.juli

- kl 14.30-17.00: Liturgiske mottak av pilegrimar.
- kl 19.30: Pilegrimskonsert i kyrkja – Vinjes Ferdaminne v/ Magne Skjevesland. Bill kr 100.- v.inngang.
- kl 21.00: Pilegrimssamling på Grendahuset.

### Laurdag 4.juli

- kl 08.00: Laudes i kyrkja.
- kl 10.00: Pilegrimsseminar v/ prof.em. Notto R. Thelle  
Tema: Grensebrytande vandring - eit møte med Austens pilegrimsvandring.
- Kl 12.00: Bygdevandring. Frammøte ved kyrkja.
- kl 15.00-16.00: Den stille timen (kyrkja).
- kl 16.00-17.00: Bli kjent med midnattsmessa.
- kl 20.00: Krossvandring frå Bruhølen.
- kl 23.00: Pilegrimsmesse m/ nattverd.

### Sundag 5.juli

- kl 08.00: Laudes i kyrkja.
- Kl 08.45-10.30: Felles frukost på Grendahuset. Avreise.

*Tilbod om felles måltider laurdag og sundag. Pilegrimsstemnet er ei ope samling. Det er ikkje naudsynt med førehandspåmelding. Overnatting syter kvar einskild for.*

*Krossvandringa laurdag går hovudsakleg i utmark med lett stigning i byrjinga. Sidan er det nedoverbakke. Høveleg skotøy er å tilrå. Staven er god å stø seg til!*

**For overnatting i Røldal**, gjev heimesida til Røldal skisenter eit godt oversyn: <http://www.roldal.com/>

**Ved offentlig transport til Røldal** (stoppestad er Bruleite), sjå rutetabellen for Haukeliekspressen: <http://www.haukeliekspressen.no/rutetabeller/category1104.html>



**DEN NORSKE KYRKJA**  
Røldal sokneråd

<http://www.roldalstavkyrkje.no>

Røldal prestekontor, tlf 53 64 71 40

**Velkomen til  
Pilegrimsstemnet i Røldal  
3.-5.juli 2015**





I kyrkja til Røldal eit bilete hekk so mang ein sæling til frelse, for sjuk og saare til dette gjekk og fingo atter si helse.

(Aa. O. Vinje i "Storegut")

**Forteljartradisjonen** seier at kvar jonsoknatt sveitta krusifikset i Røldalskyrkja – og sveitten gav lækjande verknad.

Gjennom fleire hundreår har menneske bore fram sine bønner særleg denne natta – gjeve sine takkegåver.

Nest etter Nidarosdomen var Røldal det fremste pilegrimsmålet i landet. Fleire biskopar etter reformasjonen prøvde å få slutt på jonsoksmessa. Ja, endå til gav påbod om at krusifikset skulle takast ned og brennast! Men pilegrimsstraumen vara ved, lenger enn nokon annan stad i landet. Det var først prosten i Ryfylke som fekk sett ein stoppar for det så seint som i 1835. Og likevel – også etter den tid har vi vitnemål om at menneske har søkt lækjedom i Røldalskyrkja.



Votivgåver frå kyrkja

**Ved å føra vidare** pilegrimstradisjonen om Røldal, har vi i seinare tid lagt den årlege markeringa til næraste helg mot «gammaljonsok» - 7.juli. Dei organiserte vandringane kjem fram fredag 3.juli, og tanken vår er at gjennom desse dagane kan ein få dela av eigne erfaringar, men også at samlinga kan vera ei kjelde til vidare vandring.

## Pilegrimsseminaret

**I år vil teologiprofessor Notto R. Thelle** ved Universitetet i Oslo ta oss med inn i Austens pilegrimsverd.



Han seier sjølv:

En pilegrim gir seg på vandring og bryter grenser til nye og kanskje ukjente landskaper. For noen utfordres de fysiske grensene – slitne kroppar, såre føtter og vonde rygger.

Fellesskapet og samtalene åpner for nye erfaringar. Fremmede steder og andre menneskers tro og livssyn gjør verden større. Tankene modnes i vandringens langsomme rytme. Den ytre pilegrimsveien fører også innover.

Nokre av hans viktigaste livserfaringar ber i seg eit nært møte med Austens religionar. I fleire av sine bøker omtalar han vandringar i grenselandet mellom Aust og Vest der han også hentar fram si pilegrimserfaring.

Kva er det som skjer når vi bryt grenser og ser oss sjølve i ukjent landskap? Pilegrimsveggar som opnar nye horisontar, livserfaringar som tvingar oss til nyorientering og grenseland som utfordrar trua og kallar til å bryta opp.

Var valfarten  
jeg gjorde for å komme til meg  
selv, å lære at i tider  
som disse og for en som meg  
vil Gud aldri være enkel og  
der ute, men snarere mørk  
og uutgrunnelig, som var han her inne?

R.S.Thomas

- walisisk diktar, etter besøk ved ruinar av keltisk valfartsmål.

Fleire av Thelle sine bøker er prega av vandring i grenselandet mellom Aust og Vest:

*Hvem kan stoppe vinden?* (1991)

*Ditt ansikt søker jeg* (1993)

*Hvor høyt må et menneske spørre?* (1997)

*Kjære Siddhartha* (2005)

*Gåten Jesus* (2009)

Han arbeider no med fire bøker om japanske pilegrimar som også var store diktarar.

Til hausten kjem boka *Hva er da et menneske?* der teologen Thelle i samtale med forfattere og agnostikaren Karsten Alnæs vandrar gjennom Bibelen sitt landskap og samtalar om Jesu likningar.

## Pilegrimskonsert



**Magne Skjevesland** er

skodespelar og songar, og har vore med i ei rekkje teateroppsetjingar og filmproduksjonar. I fleire år turnerte han med teatergruppa Stella-Polaris med framføringar både i inn-og utland.

Frå 2007 har han arbeid med eige prosjekt - Vinje-produksjonar, som produsent, regissør, skodespelar og songar, og står bak fem produksjonar, alle med Aasmund O Vinje sitt liv og diktning som tema.

Den siste konsertforestillinga **-Vinjes Ferdaminne** - har vore spela meir enn 200 gonger i perioden 2010-2012.

Sommaren 1860 gjekk Aasmund Olavsson Vinje (1818-1870) frå Kristiania til Trondheim og attende, og var mellom mykje anna til stades ved kroninga av den svensk-norske kongen Karl den 15. i Nidarosdomen 5.august 1860.

Hendingane frå reisa kom ut i to hefte året etter— Ferdaminne frå sumaren 1860. 10 av dikta i denne boka blir her presenterte med heilt nye melodiar komponert av Skjevesland. Bakgrunnen for dikta bli omtala mellom kvar song.